

nr. 1 - 2014

# PiRiod

- kulturavis for barnehagar og skular



Møre og Romsdal fylkesbibliotek  
lagar eigne temasekkar som skal auke  
leselysta blant born.

TEKST: JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR

FOTO: STIAN WIIK

Sekken  
med det  
rare i



- Kvifor er kulturformidling for barn viktig?

Eg brenn spesielt for høgtlesing for barn, både fordi det gjev vaksne viktig tid saman med barna i ein hektisk kvardag, det gjev i tillegg både ro og refleksjon og underhaldning, men viktigast fordi det kan gje ungane lyst til å prøve å lese sjølv.

**Og kan dei først lese, så kan dei lære om verda rundt seg,** det

stimulerer fantasien og dei lærer å uttrykke sine eigne tankar og meningar. Det er viktig!

Roald Kaldestad er barnebokforfattar, musikar og programansvarleg for barnelitteraturfestivalen Falturiltu.

**Møre og Romsdal fylkesbibliotek får støtte frå Nasjonalbiblioteket til å arbeide med lesestimulering for born. Biblioteket ynskte å gjere noko for dei minste borna og var på leiting etter inspirerande prosjekt.**

Inger Lise Aarseth ved biblioteket fortel at dei fann inspirasjon i eit liknande opplegg i Tønnfjord barnehage.

— Me hadde eit besøk i barnehagen og fekk sjå korleis dei brukte ulike figurar saman med bøker i

lesestundene. Først var det førskulelæraren som las og fortalte frå ei bok, samstundes som ho brukte figurar som høyrde til i forteljinga. Etterpå var barna med på å fortelje att og spele historia. Me bestemte oss då for å lage boksekkar. I sekkanane ligg det ei bok, figurar som høyrer med i forteljinga, og eit skriv om korleis sekken skal brukast. Me har laga boksekkar av tre ulike bøker, og me har planar om å lage fleire.

I den første tildeilinga av Nasjonalbiblioteket sine utviklingsmidlar for 2014 var det 70 bibliotek som fekk støtte.

— Formålet er å utvikle omstillingssyktige bibliotek og betre biblioteknester for alle.

Det er Stortinget som bestemmer at Nasjonalbiblioteket skal dele ut utviklingsmidlar,

og for 2014 har Nasjonalbiblioteket fått 26,6 millionar kroner til prosjektmidlar, seier avdelingsdirektør i Nasjonalbiblioteket, Svein Arne Timnesand.

### Leselyst og lesegled

I tillegg til temasekkar for dei minste borna har Fylkesbiblioteket i Møre og Romsdal laga stjerneseKKar for dei litt eldre borna. Også her fann biblioteket inspirasjon i eit liknande opplegg, denne gongen i Fron.

— Me har laga 10 stjerneseKKar, som er tilpassa småskulen. Sekkane inneholder ulike bøker, både fag- og skjønnlitteratur, planetar som kan blåsast opp, stjernekart og spel – alt om universet. Dette var nytt på førre bokbåttur, så me har ikkje fått tilbakemeldingar endå, men lærarane som såg dette om bord, var begeista, seier Aarseth.

Etter kvart kom også tanken om ein kunne gjennomføre dette med fleire tema i småskulen, med utgangspunkt i ulike meistringsnivå og undervisningsopplegg.

— Målet er å gje born leselyst og lesegled i småskulen (1.-4. klasse)



© Stein Wilk

# Sekken med det rare i



ved å tilby sekkar som inneholder bøker og konkretiseringsmateriell. Me vil ha fokus på inkludering, både når det gjeld nivå og kulturell bakgrunn.

Fylkesbiblioteket skal samarbeide med eit kombinasjonsbibliotek i Skodje om å finne aktuelle tema og utarbeide innhaldet i sekkane. Sekkane skal så prøvast ut i nokre få folkebibliotek i Møre og Romsdal og om bord i bokbåten. Det blir dessutan viktig å utarbeide eit evalueringsskjema for skulanane og biblioteka. Bokbåten Epos, som har gått i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, er no 50 år og stadig like aktuell i litteraturformidlinga på Vestlandet. Størst utlån per stopp på bokbåten finn ein i Sogn og Fjordane.

I tillegg til støtta frå Nasjonalbiblioteket har prosjektet med temasekkar fått støtte frå fylkeskommunen. Målgruppa er born i småskulen, frå 1. til 4. klasse. Aarseth trur støtta prosjektet har fått, fører til at opplegget blir lagt meir merke til, og at det kanskje får overføringsverdi til fleire.

## Stor interesse

Tinnesand fortel om stor interesse for

å søkje utviklingsmidlar hjå Nasjonalbiblioteket.

— Nasjonalbiblioteket har saman med fylkesbiblioteka arrangert kurs for biblioteka rundt om i landet med tanke på at dei skal kunne utvikle nye prosjekt. Denne hausten var det over 150 søkerar til midla. Årleg blir det peika på ulike innsatsområde for utviklingsarbeidet i biblioteka. I år har det vore; mangfold og inkludering, leseløftet 2010–2014, nye formidlingsmetodar, biblioteket som møteplass, samarbeid og partnarskap og Nasjonalbiblioteket sine digitale tenester som grunnlag for nye tilbod.

— I samband med at den nye regjeringa la fram endringar i statsbudsjettet, blei det vedteke at det skulle setjast av 12,1 millionar kroner til å styrke folkebiblioteka som uavhengige møteplassar og arenaer for offentleg samtale og debatt. Desse pengane vil bli lyst ut tidleg i 2014, seier Svein Arne Tinnesand.

## Kribledagar

Bente Bing Kleiva og Per Olav Kaldestad

Illustrert av Even Bøthun

MARGbok 2013

**Bli med på ei fargerik og magisk reise.** Bente Bing Kleiva og Per Olav Kaldestad skapar eit eige univers av eit slentrande, poetisk og fantasifullt språk. Bjørmar Brumle dinger på døra og seier det er leiketid, medan Nina er blåaugd og glitreaugd og ser på verda under lang lugg.

Kven veit kva dei kjem til å oppleve?

Historia er fantasirik og utforskande. I teikningane til Even Bøthun kjem borna fram i fotografisk form, noko som gjer både borna og forteljinga ekstra levande. Ein kan lett assosiere historia med liknande forteljingar, der born reiser inn i ei ekte fantasiverd, og der alt kan ske.

Teikningane er store, fargerike og levande. Teksten

er enkelt plassert på sidene og fungerer godt i samspel med teikningane. Språket er poetisk og musikalsk i forma, til og med havregrauten til frukost får eit eige poetisk særpreg i denne boka.

Og tenk at det går an å hoppe paradis mellom vasspyttane!



Det poetiske språket er også med borna ut i det store verdsrommet, der månen voggar i stjernesjø og mjølkevegen sender stjerneskot over borna. Det er godt gjort å dyrke eit så lyrisk språk utan å gå i mange klisjefeller.

Boka passar best for dei mellom 6 og 9 år.

Judith Sørhus Litlehamar

BOOKmelding



# Meir kunnskap om fleirspråklegheit

«Sunn fornuft» er ikkje alltid så sunn. Opp gjennom det meste av 1900-talet var det eit rådande syn, også mellom språkekspertar, at det var uehdlig, og kunne vere skadeleg, om eit barn måtte vekse opp med meir enn eitt språk. «Sunn fornuft» tilsa at slik måtte det vere.

I dag veit vi betre. Nettstaden Flere språk til flere (site.uit.no/flerespråktiflere), som gjev råd og informasjon til fleirspråklege familiar, summerer opp kva forskarane veit i dag, slik:

Barn som hører forskjellige språk i sine daglige omgivelser har gjerne større forståelse for forskjellige kulturer og andre menneskers synspunkter. De er ofte også bedre enn enspråklige til å gjøre flere ting samtidig ('multi-tasking'), til å fokusere oppmerksomheten på noe, de lærer ofte å lese tidligere og de er ofte flinkere til å lære nye språk.

Kvifor er ikkje dette heilt sjølv sagt kunnskap i ålmenta? Éin av fleire grunnar kan vere at «sunn fornuft» tilsa at det å lære seg språk er som å fylle ein behaldar. Hjernen til barnet er behaldaren, og språktileigninga er fylling av behaldaren. Dersom hjernekapasiteten til mennesket hadde vore så liten at han kunne renne over viss vi lærte for mykje språk, måtte vi jo vurdere nøy



ARNFINN MURUVIK VONEN, DIREKTØR I SPRÅKRÅDET\*

kva språkkunnskapar som var mest naudsynte. Det var då òg vanleg før å tru at for mykje av det eine språket ville kunne vere til hinder for framvoksteren av det andre. Men forsking har altså vist at dette rett og slett ikkje stemmer.

Likevel treng vi framleis meir kunnskap om dei ulike sidene ved fleirspråklegheit. Med finansiering frå Noregs forskingsråd etablerte

Universitetet i Oslo i 2012 eit nytt senter for framifrå forsking, Senter for fleirspråklegheit. Dette senteret skal «bidra med kunnskap om muligheter og utfordringer ved flerspråklighet slik at samfunnet effektivt kan forvalte språklig mangfold og at individer kan

få utvidet sitt kommunikative handlingsrom» (slik det står på nettsidene deira).

Eit spørsmål som fleire forskingsmiljø i Noreg no ser nærmare på, er om språksituasjonen i Noreg, med to nærliggande skriftspråk og eit mangfold av dialektar med høg status, inneber fordelar av same typen som dei vi kjänner til frå forskinga om tospråklegheit. Ein rapport frå Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet i Trondheim i 2012 ser ut til å styrke hypotesen om at tospråklegheit der dei involverte språka er bokmål og nynorsk, har nokre av dei same fordelane knytte til seg som anna tospråklegheit.

Eg vil oppfordre alle som blir kontaktata av språkforskrar som vil lære meir om fleirspråklegheit, til å ta godt imot dei. Og fram til dei kjem og bankar på: Nyt fleirspråklegheita!

\*Ein lengre versjon av denne artikkelen har tidlegare stått på trykk i LNK-avisa nr. 4, 2013.

www.pirion.no

for deg som jobbar med barn

# Kultur, språk og litteratur

Faste spalter:

BOKPRAT | MIN BARNEHAGE | LES FOR MEG | AKTUELT

[facebook/pirion](#) [@avisapirion](#)

På nettsida vår kan du og lesa om Pirionkurs: Korleis kan vaksne bli medvittne brukarar og formidlarar av språk, kultur og identitet?

# Pirion

Tips oss på [pirion@norsk-plan.no](mailto:pirion@norsk-plan.no) Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og [www.pirion.no](http://www.pirion.no)